

STEINGARDAR

Steingardane slyngjer seg i kulturlandskapet og skil innmark frå utmark eller markerer eigedomsgrenser. Allereie i jernalderen, rundt Kristi fødsel, trong dei eit effektivt stengsel for husdyra som ikkje måtte koma inn på åker og eng. Innmarka var skilt frå utmarka med eit steingjerde. Gjerdet bøygde som regel inn mot eit av husa i ei trong fegate eller "geil", slik at dyra kunna koma frå fjøset og ut i utmarka utan å måtta gå over åkeren.

Det tunge, tidkrevjande arbeidet forfedrane våre har gjort, er såleis ein del av vår historie. Stein vart ofte nytta fordi ein samstundes fekk rydja det området ein skulle dyrka. Dei fleste steingardar vi ser i landskapet i dag, er bygde på 1700- og 1800-talet. I dag er mange av desse steinmurane i vegen for bønder som vil utvida åkrane sine. Resultatet er fjerning og flytting av murane. Men det er ikkje berre stein som vert fjerna. Langs muren veks mange blomstrar, og der trivst også smådyr, sommarfuglar og andre insekt. Forsvinn steinmurane, forsvinn også vokstrar og dyr samstundes, og landskapet vert endra.



Gardflore ligg i bøgarden som skiljer innmark frå utmark.

Gardflore

Steingarden som gjerda inne innmarka, vart kalla ein **bøgard**. Midt i bøgarden låg **gardflore** som ein del av steingarden. Ein gardflor er det same som eit sommarfjøs, altså eit hus til å ha kyr i. I sommarhalvåret sto kyrne inne i gardflore om natta. Kyrne vart mjølka morgon og kveld, og i løpet av natta hadde dei slept frå seg mykje gjødsel. Kvar kveld vart det strødd mold, tang og tare, lauv eller anna plantemateriale på golvet. Dette strøet gjorde det tørrare i flore. Blandinga av møk og strø var viktig gjødsel som bonden brukte på åkrane om våren.

Føremål:

- Verta kjend med kvifor ein tidlegare bygde steingardar, kva for funksjon dei hadde, og korleis ein byggjar ulike steingardar.
- Oppdaga kva steingardane har å seia for plante- og dyrelivet.

Utstyr:

Papir, blyant, måleband.



I ein dobbeltmura steingard skal tyngdepunktet i muren gå inn frå sidene og ned i muren. Dette oppnår ein ved å leggja steinane med litt fall innover mot midten i muren. Dei små steinane er innfyll som gjer muren meir stabil.



I ein enkeltmur legg ein steinane oppå einannan med dei største steinane underst. Dei eldre steinmurane er bygde av rundare steinar som ikkje er større enn at dei kunne berast bort frå åkrane.



Denne enkeltmuren med ordna røys skil innmark frå utmark og vert kalla 'løgard'. På innmarkssida (=lø) dei opp jordstein (rydningsstein) som var vanskeleg å mura med. Dyra kjem seg ut på utmarka ved å ta sats og hoppa over steingarden, men dei kjem ikkje inn på den dyrka innmarka.

Diskusjonsoppgåver:

- Korleis synest de at ein skal behandla dei steinmurane som framleis finst i landskapet? Drøft fordelar og ulemper med å ta vare på steinmurane.
- Er det "utvikling" å la det moderne jordbruket og skogbruket få utbreia seg på kostnad av det gamle kulturlandskapet? Kva er utvikling for deg?

Visste du at?

- Sjeldne eng- og åkervokstrar kan overleva i kanten inntil gamle steingardar.
- Det er ofte ein rik mose- og lavflora, og tre og buskar får ofte stå i fred her.
- Hoggorm brukar gjerne steinmuren som overvintringsplass.
- Eit yrande liv av sommarfuglar, edderkoppar, biller og tusenbein gir i sin tur eit rikt fugleliv. Steinskvetten har ofte reiret sitt i steinmuren.

Fleire aktivitetar i lyngapermen:

Plantelivet i lyngheia.

Dyrelivet i lyngheia.

Skjøtsel og vedlikehald av og ved steingardar

Alle endringar av ein steingard og påverknader som gjengroing, gjødsel og bekjempingsmiddel vil forandra dyre- og plantelivet. Dersom ein vil ta vare på ein steingard og miljøet rundt, er det fleire tiltak ein kan gjera.

- **Slått eller beite.** Ein må slå graset ein gong i året i slutten av juli til august. La dyr beita tett inntil muren slik at vegetasjonen kan haldast kort om hausten.
- **Årleg rydjing.** Ein må rydja bort nye skot frå røter og stubbar langs steinmuren kvart år. Røter frå store tre kan gjera at muren rasar saman.
- **Sprøytefri kantsone.** Åkermark som går heilt inntil steinmuren, bør ha ei sprøytefri kantsone.
- **Vedlikehald.** Steinar kan rasa ned og må leggjast på plass. Steinar som held på å gli ut må dunkast på plass.
- **Grinder** må haldast ved like. Ferdsla gjekk gjennom grinder i steingarden.

Dette kan de gjera

- Studera korleis steinane i muren ligg i forhold til kvarandre. Er det ein enkelt- eller dobbeltmur? Dannar dei noko mønster? Teikna ei prinsippsskisse frå sida og eit tverrsnitt. Kor lang er den steinmuren de undersøker? Kvar i muren ligg dei største steinane? Kva for funksjon har steinmuren?
- Når vart muren bygd? Kan forma på steinane eller mose og lav på muren seia noko om alder? Er det mogleg å sjå skilnad på ein 100 år gamal steingard og ein steingard som er bygd i dag med moderne reiskap?
- Tenk deg at du var med på å byggja ein steingard for 100 år sidan. Muren skal vera dobbeltmura. Kor mange meter med steingard trur du ein vaksen mann kunne byggja på 1 dag når han arbeidde åleine? Kor lang mur trur du ein mann kan byggja med moderne reiskap i dag på 1 dag?
- Steingardar ser ulike ut. Mål høgda og breidda på muren. Er muren like brei oppe og nede? Er muren loddrett på begge sider, eller skrånar han på eine sida? Kvifor er det slik trur du?
- Finn ut kor mange steinar ein i gjennomsnitt treng for å byggja 1 m steinmur. Hugs at det ikkje er alle steinane ein kan sjå inni muren (sjå bilete ovanfor). Kor mange steinar ligg i høgda, i breidda og kor mange i lengda på 1 m?
- Kartlegg plante- og dyrelivet langs ein steingard.



Hoggorm.

Tekst: K. Ekelund. Foto: Enkeltmur. Dobbeltmur - E. Marthinsen, Handverksregisteret, De Sandvigske Samlinger. Gardflor - P.E. Kaland. Enkeltmur med ordna røys - K. Ekelund. Illustrasjon : Hoggorm - E.Hazebroek.